




Sy dykkar eiga Kåre Kråke!

Dette Naturoppdraget går til dei vaksne i barnehagen. Her er ei syoppskrift på vår søte Kåre Kråke. Oppskrifta er vegleiarande, og de kan vere kreative og lage dykkar eigen vri dersom de ønskjer det!

Kva treng du?

- Symaskin og/eller nål (du kan sy kråka for hand)
- Sytråd i svart, grå og kvit farge
- Nåler til å feste delane saman med, ev. tråd til å tråkle
- Fyll (du kan til dømes bruke syntetfyll eller ull)
- Ca. 70x100 cm meter svart stoff (bomull eller ull er fint)
- Ca. 25x40 cm meter grått stoff
- Litt kvitt stoff til augene
- Utskrift av mønsterarka



Du skal klippe:



- 1x framstykke (svart)
- 2x bakstykke (svart)
- 1x botnstykke (svart)
- 1x magestykke (grå)
- 4x venger (svart)
- 4x føter (svart)
- 2x stjertar (svart)
- 1x nebb (grå)
- 2x auge (kvit)
- 2x pupillar (svart)

Mønsterdelane finn du nedst i oppskrifta.



Framgangsmåte

1. Vask og stryk stoffet før du byrjar å sy.
2. Klipp stoffet i samsvar med notatane for kvart mønsterstykke. OBS! Nokre stykke må kuttast to eller fire gongar; dette kan enkelt gjerast ved å brette stoffet i to og feste mønsterstykket gjennom begge stoffa. Hugs at saummonn ikkje er inkludert, så klipp ca. 1 cm utanfor mønsteret.
3. Fest augene (A), nebb (B) og mage (C) på framstykket (D) ved hjelp av nåler og sy dei fast. Bruk tungesting til augene og attersting til nebbet. Magen kan festast med anten tungesting eller attersting.
4. Sett saman to og to delar av føter (E), vengar (F) og stjert (G) ved hjelp av nåler. Sy delane saman langs kanten, men la endane vere opne då dei skal vrengast. Klipp av eventuelle hjørne og overflødig stoff og vreng. Fyll delane med fyllstoff og sy deretter den stipla lina mellom tær, på vengane og stjerten.






5. Fest stjerten på markert stad langs det eine bakstykket (H) ved hjelp av nåler. Sy deretter dei to bakstykkka (H og I) saman på vranga. Dette dannar bakkroppen til Kåre Kråke med stjert.
6. Fest vengene på markert stad langs framstykket ved hjelp av nåler og sy framstykket til kvart av bakstykkka på vranga. Start nedanfra og sy oppover mot hovudet. Klipp av eventuelle hjørne og overflødig stoff.
7. Fest føtene på markert stad langs framstykket ved hjelp av nåler.
8. Fest botnstykket (J) til framstykket og dei to bakstykkka ved hjelp av nåler og sy saman. La det vere igjen ei stor nok opning til at du kan vrenge kråka. Klipp av eventuelle hjørne og overflødig stoff og vreng.
9. Fyll Kåre Kråke med fyllstoff og sy igjen det siste holet i botnstykket for hand med nål og tråd.



A.




Pupill
(svart)
x2


NB:

Klipp stoffet ca. 1 cm utanfor
mønsteret til saummonn

B.



C.



D.

NB:
Klipp stoffet ca. 1 cm utanfor
mønsteret til saummonn


Framstykke
(svart)
x1


Markering der vengene
vert plasserte

Markering der vengene
vert plasserte


Markering der føtene
vert plasserte

Markering der føtene
vert plasserte






E.



F.



G.

NB:
Klipp stoffet ca. 1 cm utanfor
mønsteret til saummonn

Sy stipla liner etter at du har fylt
delane med fyllmasse


H.

NB:

Klipp stoffet ca. 1 cm utanfor
mønsteret til saummonn

Bakstykke 1
(svart)
x1


Markering der
stjerten vert plassert



I.

Bakstykke 2
(svart)
x1


Markering der
stjerten vert plassert



J.

NB:
Klipp stoffet ca. 1 cm utanfor
mønsteret til saummonn

Botnstykke
(svart)
x1

A large, hand-drawn triangle with a thick black outline, representing a pattern piece. The triangle is equilateral and is the central focus of the page.